



INFORMASJON

KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

Nr. 03-2016 Torsdag 17. mars 45. årgang

Neste nr. av KB kjem ut 12. mai 2016

Nytt stoff innan: 26. april 2016



LYS VAKEN 2016

Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjevevje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14
Utanom dette etter avtale

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Svein T Villanger,
Redaksjon: Øystein Soldal,
Jorunn Kårdal.
Bankgiro: 3490.07.04196
E-post: kyrkjeba@online.no
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Søndag 20. mars kl. 19.30

Påska i ord og tonar
Kollekt til dekking av utgiftene

Skjærtorsdag 24. mars kl. 19.00

Kveldsgudsteneste
Per Børge Hillestad
Takkoffer til Raknestunet

1. påskedag 27. mars kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste
Per Børge Hillestad
Takkoffer til Sjømannskirken

Søndag 17. april kl. 11.00

Familiegudsteneste
Per Børge Hillestad
Dåp
Utdeling av «Tøffe bibeltypar» til 2. klassingane
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali

Kr. himmelfartsdag 5.mai

(klokkeslett kunngjort i avisene og på plakat)
på Rongevær kurs og fritidsenter
Takkoffer til Lokalt speiderarbeid i KFUK
Batskyss

17. mai kl. 10.00 i kyrkja
kl. 11.30 på Kaland skule

Frå avmakt til styrke – mi påske

Vi kjenner godt til og trekkjer ofte fram disiplane si avmakt, at dei var feige og redde og hadde så lite tru. Frå påskeforteljningane hugsar vi korleis Peter tyr til sverdet i Getsemanehagen, seinare fornektar Jesus tre gonger og brukar bannskap for å understreka si lygn. Dei andre disiplane kunne det dei også, og sovna mens Jesus sjølv var i bøn for å kunna halda fokus på og førebu seg fram mot det som skulle henda i påska. Nokre gonger er dette reint oppbyggjande for oss å lesa om. For kven strevar ikkje til tider både med mangel på frimod og oppleving av avmakt? Eg er glad at Bibelen ikkje pyntar på slike ting. For det gjer han både meir truverdig og meir aktuell inn i mitt eige liv som Jesu disippel. Jesus sin forsoningsdød og oppstode i påska endra disiplane totalt. Jamne møte med Jesus i tida etter påske- og pinskehendinga, då disiplane fekk Den heilage ande, forvandla dei. Frå å vere handlingslamma personar med oppleving av avmakt, vart dei til personar med stort mot og frimod. Peter, stor i munnen som han var og med sine mange nederlag, han heiv seg i sjøen etter den store fiskefangsten på Tiberiassjøen (Joh 21). Han gløynde all prestisje med omsyn til eit flott stup i sjøen, som andre ville kunna tykkja om. Han bokstaveleg talt kasta seg i sjøen for å syne tydeleg for Jesus at noko hadde skjedd med han. Og for ikkje å snakke om det som skjedde på pinsedagen: Med frimod, kraft og styrke - langt frå ein følelse av avmakt - forkynte han Jesus som Frelsar og Herre (Apgj 2). ”...og den dagen vart om lag tre tusen lagde til kyrkjelyden”. No hadde det skjedd at dei våga alt for evangeliets skuld. Også livet. Paulus summerer dette opp slik: ”For eg skjemmest ikkje ved evangeliet.” (Rom 1,16). Slik starta alt. Vi har no også fått evangeliet, fordi nokon delte og ga evangeliet vidare. Kva med oss som disiplar i Noreg i dag? Kva med oss som kyrkje og kyrkjelydar? Det er med fryd og glede at vi kan sjå at det blant oss er mykje frimod og styrke, skapt og gjeven av Den heilage ande. Samstundes kjenner vi også til strid, ueinige leiarar og mangel på tillit til Meisteren sjølv, til Guds ord og vår kyrkje si vedkjenning. Vi står nokre gonger igjen med følelsen av avmakt som tappar oss for styrke og frimod i kristenlivet. Dermed kan vi også lett bli frårøva stoltheit over og tilbedinga til Jesus. Vi må hjelpe kvarandre til frimod og stoltheit over Jesus når vi kjem saman! Påska kan gje oss dette frimodet og denne stoltheita. Det er eit faktum at Gud er ein forsona Gud som er rausare enn vi nokon gong greier å vere mot kvarandre, at han deler ut av alt sitt, lar oss vere arvingar til Guds rike, tilgjev, reiser opp, hjelper oss til å lyfta hovuda våre i glede og til lovsong. Dette skapar frimod, gjev styrke og set oss fri til å tena Gud og tena kvarandre. Den heilage ande og heile Hans kreativitet samhandlar med den kreativiteten kvar enkelt av oss har fått av Gud, slik at vi blir medarbeidarar i det å dele evangeliet med kvarandre i ord og gjerning. Påskeglede skal følgje oss kvar dag, heile året og heile livet. Lat difor denne gleda sleppast laus i oss, slik at andre både kan sjå og høyra ho. Denne gleda er Jesus-jubel, ei glede som må få lov til å bevege vår tunge, våre lepper, vår heile kropp, våre tankar og våre gjerningar! For å seia det med Berhard Kyamanywa frå Tanzania sine salmeord:

Han er oppstanden. Halleluja! Lov ham og pris ham! Halleluja! Jesus, vår Frelser, lenkene brøt. Han har beseiret mørke og død. Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn, han som gir synderen livet igjen! Halleluja! Vi skyldfrie er. Halleluja! Vår Jesus er her!

Tre dager dødens fange han var før han stod opp og seiren var klar. Tvers gjennom gravens stengsel han gikk. Frelse og fred ved Jesus vi fikk. Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn, han som gir synderen livet igjen! Halleluja! Vi skyldfrie er. Halleluja! Vår Jesus er her!

Engelen ropte: Frykt ikke mer! Han som du søker, er ikke her. Se der er stedet hvor han ble lagt. Han har stått opp – som selv han har sagt. Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn, han som gir synderen livet igjen! Halleluja! Vi skyldfrie er. Halleluja! Vår Jesus er her!

Gå og fortell at tom er hans grav. Livet han vant, da livet han gav, gav det for oss og kjøpte oss fri. Frelse og fred han alle vil gi. Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn, han som gir synderen livet igjen! Halleluja! Vi skyldfrie er. Halleluja! Vår Jesus er her!

Signa god påske - signa sterkt disippelskap!



Kyrkjebøkene i Austrheim

28.02.16

Døypte:

Adrian Folkedal Austrheim
Sofia Helland Leikvoll



Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2016

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 04/16	26. april	12. mai (17.mai stoff)
Nr. 05/16	07. juni	23. juni (siste før ferien)

Takk

Hjertelig takk

til alle som fulgte min kjære kone, vår snille
mamma, min gode datter
Eliin Meyer Olsen Sognnes
til hennes siste hvilested.

En stor takk til Heimesjukepleien og
fastlege Jarle Gallefoss for svært
god pleie og omsorg.

Takk til Vatne begravelsesbyrå for god hjelp og en
varm takk til prest Per Børge Hillestad for en
vakker og verdig gravferdseremoni.

Hilsen
Harald, Ernst, Håvard og Bjørg

Hjarteleg takk

for pengegåva som vart gitt til
Nordliheimen/Nordlia i samband med gravferda til
Aslaug Vestrheim.

Stor takk til Anne Stockholm for det flotte
fotografiet/bildet gitt til palliativt rom ved
Nordliheimen.

Takksame helsingar frå

Personalet og bebuarane ved Nordliheimen

Takk

for den fine rosa eg fekk til 80-årsdagen min og
takk til rosebæraren Maren Monslaup.

Helsing
Berit Kaland

TAKK

Takk for deltaking og blomar/krans ved
Odd Leikvoll`s gravferd.

Ein fin seremoni, takka vere gode ord,
vakker solosang og orgelmusikk, og god
tilrettelegging.

Odd har hatt mykje omsorg og mange
rundt seg, og det er vi
veldig takksame for.

For familien
Jostein og Edith Leikvoll



OFRINGAR I AUSTRHEIM KYRKJE

Ved gudstenesta 31. jan. kom det inn	kr. 4.856,- til Misjonsprosjektet i Mali
Ved sangkvelden 7. febr. kom det inn	kr. 2.376,- til dekking av utgiftene
Ved gudstenesta 14. febr. kom det inn	kr. 2.534,- til Fjon fjellkyrkje
Ved gudstenesta 28. febr. kom det inn	kr. 5.263,- til Det norske Bibelselskap

STOR TAKK

Austrheim sokneråd takkar Lindåsneset Sanitetsforeining for tilskot på kr. 15.000 til ny kistevogn til Lervåg gravplass.

Det er fantastisk når lokalforeiningar støttar opp om slike saker.

-Soknerådet-



Biblioteka i Nordhordland har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til aktiviteter og utvikling av biblioteka som møteplasser. I løpet av året vert det ein rekke ulike turnèer.

Onsdag 30.mars	kl 16.00	«Farfars bombekrater» teater og biletbok v/Adele Lærum Duus, frå 6 år og oppover på hovudbiblioteket.
Onsdag 20.april	kl 19.00	«Norske strikkemønster, et universelt språk» v/Annemor Sundbø, i Austrheimstova.
Måndag 9. mai	kl 14.20	«Korleis finne noko du vil like å lese», bokprat med Guri Fjeldberg, på Fønnes filial for alle born og SFO på Kaland.

Velkomen på biblioteket!



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

MØTER

Palmesøndag 20.mars kl 11:00 Møte: Geir Talberg *søndagsskole*

Skjærtorsdag 24.mars kl 11:00 Møte: Frelsesarmèen fra Bergen

Søndag 3.april kl 11:00 Møte: Geir Talberg *søndagsskole*

Søndag 10.april kl 11:00 Israelsmøte v/ Arvid Bentzen

Søndag 17.april kl 11:00 Møte: Hans Martin Skagestad *søndagsskole*

Søndag 1.mai kl 11:00 Møte: Geir Talberg *søndagsskole*

Ungdomskvelder

Fredag 18. mars

Fredag 15.april

Lørdag 16.april

kl 19:30 – 22:30

fra 7.klasse

Helgen 15.-17.april
får vi besøk av

**Hans Martin
Skagestad**



Hans Martin Skagestad er evangelist for Troens Bevis. Han var tidligere teamleder for Sammen for Norge-teamet. Han og teamet hans var med å starte ungdomsarbeidet på Lervåg bedehus. De siste årene har han reist mye i Afrika og Asia der han jobber med kampanjer og menighetsplanting.

Foto: dawnnore



BARNAS SIDE



Fargelegg

Dei glade kvinnene ved Jesus si tomme grav!

Teikningar: Kari Sortland

**Finn
5
feil**

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonner på barnebladet

BARNAS

**16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-**

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

TILSKOT

Kulturmidlar – Tilskot til tiltak barn og ungdom.

Tilskot til dugnad ved større arrangement.

Retningslinjer og elektronisk søknad via kommunen sin heimeside (Sjølvetjening-Skjema).

Søknadsfrist 4. mai

Kulturdagane Austrheim 2016

22. september – 2. oktober - SJÅ KVA VI KAN!

Det er 16. året at lag og organisasjonar, næringslivet og kommunen går saman om å arrangere kulturdagar.

Grunnpilaren er aktiviteten i det lokale kulturlivet, vi vert inspirert utanfrå, og engasjert til å lære noko nytt. Tema i år er «Sjå kva vi kan». Vi oppmodar til å ta kontakt med arbeidsgruppa om ditt lag/org har arrangement som kan bli med i programmet.

Arbeidsgruppa: Rigmor, Anita, Helge, Steinar, Olav og Kari

KULTURPRISEN - KOM MED FORSLAG!

Det er mange i bygda som fortentar ein pris for godt arbeid, men kulturprisen vert berre dela ut anna kvart år og kandidatar til denne prisen må på ein eller anna måte ha gjort noko som set spor etter seg i kulturlivet i Austrheim.

Kulturprisen er meint å vere ei takk og ei oppmuntring til einskildpersonar, grupper eller lag som gjer/har gjort ei verdifull innsats i lokalmiljøet vårt anten innanfor arbeid i frivillige lag og organisasjonar, spesielle aktivitetar/oppgåver o.a.

Det er formannskapet som tek stilling til kven som får Kulturprisen, men alle er oppfordra til å kome med forslag. Prisen vert delt ut i Kulturdagane i Austrheim.

Send forslaga til kulturavdelinga innan 1. august.

Austrheim Pensjonistlag

Sommarturen vår vert **torsdag 9. juni** og går til Eivindvik og Gulatinget.

Middag på hotell i Eivindvik og stopp med kaffi på Vidsyn, det nye senteret i Sløvågen, på tilbakevegen.

Pris pr. person kr. 700,-

Påmelding innan 03. juni til tlf.56 16 94 59 / 97 97 44 85

Søndagsskole Årås Bedehus

Datoene for søndagsskolen videre i vår, er:

10. april

01. mai

05.juni

Alle datoene er tidspunktet kl 11.00.

Vel møtt.

VÅRRYDDING PÅ GRAVPLASSANE

Dei siste åra har vi fjerna dekke og mosekransar frå gravene før påske. Dette gjer vi for å unngå oppsamlinga av avfall på gravplassane i påskehelga.

I år ser det ut som vi må utsetje dette, grunna tidleg påske og kaldt vær.

Vil de likevel fjerne kransen for å setje ned noko anna ber vi om at de tek med krans og dekke til heimesøppla. Dette hjelper oss å ha det fint på gravplassane til påskehelga.

I år er det nok for tidleg og kaldt til å plante slik det ser ut no.

-Kyrkjeverje-



Er du klar for EIN SMAK AV AUSTRHEIM???

Det håpar i alle fall vi som prøver å få dette sommararrangementet på plass.

I år står teltet ved Mastrevik Torg frå 25.06.16 til 13.07.16.

Ein smak av Austrheim er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, næringslivet, Nordhordland Næringshage og lag og organisasjonar. Målet er heilt klart; skape liv og røre i kommunesentrum og skape ein skikkeleg **SOMMAR I AUSTRHEIM**.

Programmet er ikkje klart enno, men det vert både kurs, konsertar, allsang i teltet, open sommerkafe, arrangement for folk i alle aldrar, kanskje mulighet for ein svingom, og det heile vert avslutta med ein kjempekonsert med **VAMP 13.juli**.

Meininga er at noko er det Ein smak av Austrheim som står bak, medan lag og organisasjonar kan få fylle teltet med aktivitet, eller private aktørar kan melde si interesse for å stå for eit eller fleire sommarlege aktivitetar.

Ta kontakt med:

Bjørn Inge, mob.472 52 550 – e-post Bjorn.Inge.Dyrkolbotn@austrheim.kommune.no

Joakim N. Kjenes, mob. 902 20 906 – e-post joakim@nh-nh.no



Verdas aktivitetsdag tysdag 10.mai i Austrheim

AKTIV KVAR DAG!!

Dette er slagordet for årets markering av Verdas aktivitetsdag i 2016. Tysdag 10.mai samlar ein godt vaksne i alle aldrar til sosialt samvær og fysisk aktivitet ved seniorseteret i Austrheim.

Dei siste åra har det vore godt med folk på dette arrangementet, og eg trur det er ei positiv og kjekk stund for alle som er med, seier Rigmor Ludvigsen i Austrheim Frivilligsentral. Arrangementet er eit samarbeidsprosjekt der Eldrerådet, Fysioterapeuten, Frivilligsentralen, Pleie- og omsorg, Austrheim vidaregåande skule, pensjonistlaga og Folkehelsekoordinator alle er med å arrangerer. Ludvigsen peiker på at noko av suksessen er det at mange er med å arrangerer. Ho meiner dette gjer at mange føler at dette er litt deira arrangement.

Verdas aktivitetsdag vert markert i Austrheim måndag 18.mai kl. 11.00 på seniorsentret

Påmeldingsavgift kr. 50,- og det vert trekt ut premiar på startnummer.

Vi går på tur i marka eller på vegen og har tre ulike turar å velje blant. – bebuarane på Nordliheimen og andre som ikkje føler seg så spreke til beins går ein runde rundt sjukeheimen, medan resten kan velje mellom to litt lengre turar seier Ludvigsen. Ho presiserer at alle deltek først på felles oppvarming som fysioterapeutane har ansvar for.

Det vert også enkel servering av fiskepakkar, pølser, kake og kaffi og det vert musikk, premiar og tid for hyggeleg prat.

Dei som treng skyss frå Fønnes senter kan melde dette til Rigmor på tlf. 456 35 324

Arrangøren håpar på godt vær og ikkje minst godt oppmøte



Her eit glimt frå Verdas aktivitetsdag eit tidlegare år.

Nokon som har eit stort hus til sals eller til leige?

Austrheim kommunestyre har vedteke at kommunen skal ta imot 5 einslege mindreårige flyktningar, og at desse skal busetjast i eit bufellesskap. Til dette trengst det eit stort hus med ein del krav til romløyisingar.

I tillegg til 5 unge skal det til ein kvar tid bu to vaksne tilsette personar i bufellesskapet. Først ser vi for oss at det er behov for fylgjande rom i eit slikt bufellesskap:

- 5 gode soverom til ungdommane
- 2 soverom for tilsette
- Minimum 2 bad / wc
- Romsleg kjøken og stove
- Gjerne eit stort og godt opphaldsrom (aktivitetsrom / kjellarstove)
- Kontor

Om det er knytt ei lita leilegheit til bustaden er det eit pluss.

Mindre hus kan vera aktuelt å leiga i ein oppstartsfase.

Aktuelle hus bør liggja i nærleik av offentleg kommunikasjon og helst i nærleiken av kommunesentrum.

Interesserte kan ta kontakt med Helge Dyrkolbotn, mob: 416 62 610 eller epost: hdy@austrheim.kommune.no helst så snart som råd.

Ei stor takk

til Eli E. Daae for jobben ho har gjort i Kyrkjebakken gjennom nesten 4 år.

-Soknerådet-



LYS VAKEN 2016 I AUSTRHEIM KYRKJE







MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

www.fosbilsenter.no

Vi gjør alt for bilen din.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50 Mastrevik

Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



SKARSVÅG
Rør og Interiør as



Mini Frisørsalong



ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,
Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35

MNTF



**Panasonic
varmepumper**

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirenselanlegg

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarings!
www.augustnorge.no

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

Biblioteket - opningstid

Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok!

SYMJEHALL

Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag

17-19 Familie/born

(foreldre med små

born vert prioritert)

19-20 Pensjonistar

20-21 Vaksne

Fredag

17-18 Alle

18-19 Alle

19-20 Alle

20-21 Alle

Vaksne kr. 40,- Born under 16 år kr. 20,-

Bassenget sine opningstider fylgjer skuleruta og er stengt i skuleferiar.

Husk badehette. Kan kjøpast for kr 40,-

AnnONSE i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonsar er gratis.

Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt: 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13


Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å byggje og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:
www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

Rolf Maurseth

Stine B. Karlsen Styreleiar *Jenfrid Stellberg*

Styremedlem

Styremedlem

Ole Moen

Monika Thorpe

Forretningsfører

Styremedlem.

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM....

Eit møte med
påskebodskapen
i bilete, tonar og ord.



Austrheim kyrkje

PALMESØNDAG

20.mars kl.19.30

Kyrjekaffi.

VELKOMEN!